

# Ressursane i åra som kjem

av

**Odd Nakken**

Havforskningsinstituttet

**Ressursgrunnlaget for den norske ringnotflåten i åra som kjem er avhengig av:**

- 1. Bestandsutviklinga for dei fiskeslaga denne flåten fiskar på – eller kan fiska på.**
- 2. Kor stor del av dei totale fangstkvotane Norge oppnår.**
- 3. Kor stor del av dei norske kvotane som blir tildelt ringnotflåten.**

Pkt 2 og 3 omhandlar internasjonale og nasjonale fordelingsproblem som eg går ut frå vil bli kommentert av andre; eg skal freista å beskriva utviklinga av bestandane så godt vi er i stand til i dag.

## Lodde i Barentshavet

Denne bestanden er – og blir også i dei nærmeste åra viktigaste råstoffkjelda for ringnotflåten. Bestanden er – etter mi mening rasjonelt beskatta, og den tykkjest no å ha eit produksjonsnivå som tilseier at det årlege totalkvantumet kan haldast på omlag 1981-kvantumet (1.9 mill tonn) – eller kanskje aukast litt. I langtidsplanen har instituttet tilrådd 1.8 mill. tonn i 1982, aukande til 2.0 mill. tonn i 1985. For 1982 er totalkvantumet i henhold til avtalen med Sovjet sett til 1.7 mill. tonn fordelt med 0.8 mill tonn til vinteren og 0.9 mill. tonn til sommaren og hausten. Den førebels tilrådinga for vinteren 1983 er 0.8–1.0 mill. tonn, men denne skal endeleg fastleggjast etter hausttoktet i 1982.

Dei totale fangstkvotane for 1983, 1984 og 1985 vil først og fremst vera avhengige av tallrikhet og vekst av årsklassane 1979–1980–1981 og 1982. Om desse årsklassane veit vi omlag fylgjande. Årsklassen 1979 meinte vi var ein sterk årsklasse. Målingane no i haust tyder likevel på at denne årsklassen ikkje inneheld så stort individualtal som vi hadde venta. Og dette er bakgrunnen for at tilrådinga for sommaren 1982 vart noko lågare enn det vi trudde tidlegare.

Både 1980- og 1981-årsklassane ser førebels ut til å bli talrike årsklassar. Og dette burde kunna føra til at kvantumet for 1983 og 1984 kan aukast noko i høve til 1982-kvantumet. Føresetnaden for dette er at årsklassane utviklar seg normalt med omsyn til vekst og kjønnsmodning. Dersom ein får unormale vekst- og kjønnsmodningstilhøve for ein eller begge desse årsklassane dei to nærmeste åra, kan dette slå sterkt ut begge vegar. Dette såg vi seinast i fjor haust då vinterkvantumet for 1981 vart auka frå 0.9 til 1.2 mill. tonn vesentleg p.g.a. god vekst.

## Jamn, god vekst

Hittil har dei loddearsklassane som det skal fiskast på i perioden 1982–1984 vist jamn, god vekst. Spesielt har den delen av 1979-årsklassen som står i Bjørnøya-Storfjordrenna-området hatt god vekst.

Grunnen til at 1979-årsklassen ikkje fanst så talrik i hausttoktet som tidlegare observasjonar kunne tyda på, kjenner vi ikkje. Dei siste åra har loddet hatt ei vestleg fordeling i Barentshavet i høve til tidlegare. Dette meiner vi burde føra til sikrare mengdeanslag totalt sett, idet utbreiingsområdet til loddet blir mindre og vi blir i stand til å dekkja alle årsklassane betre. Men dette vil også føra til ei endring i samanlikningsgrunnlaget spesielt for 0- og 1-års gamal lodd fra årsklasse til årsklasse som vi anvender. Tilrådingane for 1982 (og enda meir kvoteavtalen) er baserte på at både 1978- og 1979-årsklassene i realiteten er litt meir talrike enn det som vart observert under hausttoktet i år.




Forsker Odd Nakken, Havforskningsinstituttet.

Dei to siste åra har norske fiskarar både sett og fangsta mykje lodde i Barentshavet. Og mange har vanskar med å skjøna at ikkje fagstkvotane no kan aukast betydeleg. Eg nemnde i stad at loddet i dei siste åra har stått langt vest i Barentshavet samanlikna med tidlegare år. Figur 1 viser dette. Figuren viser korleis loddet var fordelt i Barentshavet hausten 1976 og hausten 1981. I år, og også i 1980, sto mesteparten av loddet i området vest for 40° aust i det området der norske fiskarar til vanleg arbeider i sommarhaustsesongen.

Tidlegare i 70-åra sto mesteparten av loddet austanfor 40° aust. Dette, at ein dei siste åra har fått ei konsentrering av loddet i vestdelen av havet, kan skapa eit inntrykk av at det totalt er mykje meir lodde i Barentshavet no enn nokon gong tidlegare. Inntrykket er ikkje rett. Der er store tomme kaldvassområde i aust der det tidlegare fants mykje lodde. Denne forflythinga vestover, som også er observert for andre fiskeslag, heng saman med ein kuldeperiode i Barentshavet som starta i 1977 og framleis varer ved.

## Lodde i Norskehavet (Island-Jan Mayen)

Totalkvantumet som Norge og Island er blitt einige om for inneverande reguleringsperiode (sommarsommer 1981 – vinter 1982) er på 700 tusen tonn.



Under eit samarbeidstokt no i oktober fann norske og islandske forskarar svært lite lodde i området. Dei var klår over at det fanst meir lodde i området enn det observasjonane viste – p.g.a. ishindring og lodde i småstimar nær overflata, men dei fann likevel situasjonen såpass kritisk at dei tilrådde at TAC for inneverande reguleringsperioden burde revurderast så snart som mogeleg. Dei anbefalte også at det islandske fisket skulle stansast inntil nye målinger førelåg.

Islandske forskningsfartøy har gjennomført nye målinger i november. Resultata av desse målingane kjänner vi berre i hovudtrekka, men dei tyder på at sjølv om det nå er funne vesentleg meir lodde enn under samarbeidstoktet i oktober, så er likevel bestanden närliten. Alt tyder på at dersom det tidlegare tilrådde kvantumet på 700.000 tonn vert fiska fullt ut, så vil bestanden av lodde som får gyta vinteren 1982 bli omlag like liten som i fjor (ca. 160.000 tonn) eller endå lågare, og dette er for liten gytebestand til å sikra rekrutteringa. Alle data både frå forskningsfartøy og frå fiske, tyder på at denne bestanden er overfiska med det fangststuttaket ein har hatt dei siste åra og dette vil venteleg få konsekvensar for framtida i form av vesentlege reduksjonar i totalt fangstkvantum.

### Polarstorsk

Sidan 1974 har det vore lite og ikkje fiske av polarstorsk både frå norsk og sovjetisk side. Sidan 1975–1976 har, likevel, mengden av yngel av polarstorsk i Barentshavet auka. I det austlege området, sørvest av Novaja-Semlja, har yngelmengdene auka jamnt, i den nordvestlege delen av havet, ved Svalbard, har mengdene vore meir varierande. Dei to siste åra – og serleg no i 1981 – har vi også registrert betydeleg meir ung- og tildels kjønnsmoden polarstorsk i Barentshavet enn tidlegare. **Etter vår mening er difor polarstorsk-bestanden i vekst, og det kan vera at bestanden er stor nok og konsentrasjonane tette nok til å gi grunnlag for eit visst fiske allereide i nær framtid.** Norske leitebåtar har hittil ikkje funne drivverdige konsentrasjoner av polarstorsk. Men med bakgrunn i observasjonane som viser at bestanden er i vekst bør denne leitinga halda fram i nokon grad i åra framover.

### Kolmule

Totalfangsten av kolmule dei siste åra har vore vel 1.1 million tonn. Mesteparten av dette er tatt i Norskehavet og på gytefelta ved dei britiske øyane. Sovjetunionen har tatt langt den største

delen av kvantumet (ca. 700 tusen tonn), vesentlig i Norskehavet. Det internasjonale råd for havforskning har tilrådd ein «føre var» – totalfangst på 1.0 million tonn for denne bestanden. Det norske fisket på kolmule er fordelt på to områder. Eit fiske på gytefisk i EF- og Færøysona drive av ringnotflaten og eit på umoden kolmule langs bakkekanten i Norskerenna (industriefisket). Hittil har Norge ikkje fått til lønsam drift på kolmuleforekomstane i Norskehavet. Desse forekomstane er likevel viktige for oss idet dei vert nydda som bytemiddel i forhandlingane med Sovjetunionen. Vilkåret for at vi skal få til eit eige fiske i Norskehavet er truleg at vi finn avsetnad på kolmule til langt høgare prisar enn det mjølproduksjon kan gi slik at det løner seg å fanga småkvanta. Dette vert det arbeidt med, men førebels gir nok kolmula i norske havet best lønsemrd som bytemiddel mot andre fiskeslag.

Om totalfangsten av kolmule kan aukast eller vil minka i åra som kjem veit vi førebels ikkje.

### Norsk vårgytande sild

Gytebestanden av norsk vårgytande sild er samansett av to hovudkomponentar. Den nordlege komponenten held til i Lofotområdet i beitetida og gyt sør over Trøndelags- og Mørekysten sør til Buagrunnen. Den sørlege komponenten held til i Møre-Trøndelagsområdet i beitetida og gyt i hovedsak på Sunnmøre.

Dei siste åra har gytebestanden av norsk vårgytande sild vore i vekst. Bestanden er no omlag 400 tusen tonn og har auka med ca. 30.000 tonn pr år. Det er vekst i den sørlege komponenten som har ført til denne auken. I langtidsplanen har instituttet antyda eit fangstkvantum av denne bestanden på 0–20 tusen tonn i perioden 1982–1985. Kor stort dette kvantumet blir og kven som skal fiska det vil eg ikkje ha nokon mening om. Desse spørsmåla er no og i dei nærmaste åra, meir politiske enn dei er faglege. Men eg går ut frå at fangstkvantumet ikkje blir større enn at bestanden framleis kan veksa.

### Makrell

Alle her veit at vi opererer med to makrellbestandar; ein som gyt i Nordsjøen i juni-juli og ein som gyt vest og sør av Irland i april-mai. I beitetida blandar dei to bestandane seg i nordlege Nordsjøen-Norskehavet.


Nordsjøbestanden er, som fylgje av dårleg rekruttering og til dels sterkt overfiske, no svært låg. Det internasjonale råd for havforskning har tilrådd at det ikkje skal fiskast makrell i Nordsjøen i 1982. Grunnen til dette er at gytebestanden har minka jamnt gjennom dei siste 6–7 åra og den minkar endå. Førebelser har det ikkje vist seg nye sterke årsklassar av pir eller ungmakrell som kan snu denne utviklinga, i alle fall ikkje i serleg grad. Det ser derfor ut til at vi i dei nærmaste 2–3 åra vil ha ein liten makrellbestand i Nordsjøen, fylgjeleg vil også det kvantumet som kan takast ut vera lite.

Tilstanden for den vestlege bestanden er betre enn for Nordsjøbestanden. Gytebestanden er vesentleg større. Fangsttakket dei siste åra har imidlertid vore vesentleg større enn tilrådingane. Det internasjonale råd for havforskning har tilrådd ein total fangstkvote på 272 tusen tonn for 1982 for denne bestanden (fangsten i 1980 var ca. 600 tusen tonn) og rådet meiner at dette låge uttaket er naudsynt av om-syn til gytebestanden. Norske merkeforsøk har vist at det alt vesentlege av den makrellen som vart fanga i Norskehavet i sommar tilhørde den vestlege makrellbestanden. Difor meiner havforskningsrådet at fisken i Norskehavet og i Færøyområdet bør reknast med i den vestlege totalkvoten. Den norske andelen av denne kvoten bør vel no i nokon grad kunna reviderast i og med merkegjenfangstane i Norskehavet i sommar.

### Nordsjøsild og sild vest av Skottland

Nordsjøsilda har vore totalfreda i fleire år. Gjenveksten av bestanden går likevel seint. Ei av årsakene til dette er vel det ulovlege fisket. Det internasjonale råd for havforskning har i 1981 tilrådd eit kvantum på 20.000 tonn i sørlege delen av Nordsjøen for vinteren 1981/1982. Dette kvantumet skal også inkludera eventuelt ulovleg fiske. Rådet har også tilrådd eit kvantum på 65.000 tonn i området vest av Skottland og har antyda at eit tilsvarende kvantum kan bli tilrådd for 1982.

Utviklinga av bestanden av Nordsjøsild dei nærmaste åra vil først og fremst trur eg – vera avhengig av kor god kontrollen blir med fisket – både av



vaksen sild og ikkje minst med innblandinga av ungsild i industritrålfisket. Eit nyleg avslutta yngeltokt viste at det i år var etter måten bra med sildeyngel i Nordsjøen, samanlikna med dei siste åra. Dette gir ei viss von. Likevel, for at det skal bli vesentlege forekomstar av sild i norsk sone, og også vesentlege kvanta sild til norske fiskarar, må bestanden bli mykje større enn den er i dag. Om det vil lukkast å få dette til og eventuelt når det vil lukkast veit eg ikkje.

### Havbrisling

I ei årrekke har tilrådde totale fangstkvotar lagt på 400 tusen tonn. Fangsttakket har lagt litt under kvotane. Vi veit lite om brislingbestanden i Nordsjøen og det beste anslaget for framtidig utbytte er vel 350–400 tusen tonn. Til dels store geografiske forflytningar av brislingforekomstane i Nordsjøen, gjer at tilgjengelegheta for den norske ringnotflåten har variert mykje.

I haust har fiskarane som har leita i Nordsjøen sett lite. Eit av forskningsfartøya registrerte nyleg brisling i eit område nordaust av Doggerbank og leitebåtar er i området no (dersom veret lagar seg). Korvidt det kan bli eit brislingfiske i dette området vil derfor vonleg bli avklara raskt.

**Korleis vil så det totale ressursgrunnlaget for ringnotflåten bli i år som kjem?** Som er tidlegare har sagt er det avhengig av fleire faktorar korav bestandssituasjonen er ein. Totalt årleg fangstkvantum i sildefiskeria i gjennomsnitt for perioden 1975–79 var ca. 2.2 mill tonn. Tilsvarande kvantum i 1980 var 1.7 mill. tonn. I perioden 1982–1985 trur eg dette kvantumet vil bli 1.8–2.0 mill. tonn. Av dette vil ringnotflåten ha den langt største andelen. Loddebestanden i Barentshavet bidrar med ca. 60 prosent av dette totalkvantumet slik at svært mykje er avhengig av rekrutteringa til og veksttilhøva for denne bestanden.